



Hardangerrådet iks



Hardanger

MØTEBOK

Rådsmøte i Hardangerrådet iks

Dato: Torsdag 18.06.2015

Klokka 10.00 – 15.00

Stad: Kommunehuset i Eidfjord

Til stades:

Eidfjord kommune: Ordfører Anved Johan Tveit
Granvin herad: Ordfører Ingebjørg Winjum
Jondal kommune: Ordfører Jon Larsgard – Rådsvaraordfører
Kvam herad: Ordfører Asbjørn Tolo
Odda kommune: Ordfører John Opdal – Rådsordfører
Ullensvang herad: Ordfører Solfrid Borge
Ulvik herad: Ordfører Hans Petter Thorbjørnsen
Rådmannsforum: Rådmann Ingrid Guddal
Administrasjonen: Dagleg leiar Leiv Vambheim og Trude Rinaldo
Andre: Frå 12.30: Styreleiar Toralv Mikkelsen og Påtroppande dagleg leiar Jostein Eitrheim

Agenda:

10.00 Hardangerrådsmøte - Sakshandsaming
12.30 Lunsj
13.30 Hardangerrådsmøte Sakshandsaming held fram
14.00 Kommunestruktur – gjensidig orientering.
15.00 Møtet slutt

Det var ingen merknader til innkalling eller sakliste, som så vart godkjent.

Desse vart valde til å skriva under møteboka saman med rådsordfører:

Hans Petter Thorbjørnsen og Anved Johan Tveit

Saker teke opp i møtet:

- John Opdal og Solfrid Borge: Orientering om SUA-kontor vedkomande D-nummer for utanlands arbeidskraft. Vert teke opp i sak 29/15.
- Solfrid Borge: NHO sitt valmøte om Kommunestruktur på Hotel Ullensvang den 20.08.2015 kolliderer med LVK sitt Landsting i Kristiansand. NHO ber at kvar og ein kommune sender representantar til dette møtet. Hardangerrådet takkar nei til å vera medarrangør, sidan Hardangerkommunane har sine eigne prosessar om dette temaet.
- Anved Johan Tveit: Kommunevandringa til Hardanger Åtgaum hausten 2015. Alle ordførarar er inviterte til å gå. Kan dette verta kopla saman med ein etappe som avslutning for ordførarane i denne valbolken. T.d søndag 9.august frå Finse til Halne, med ei avslutning på Halne søndag kveld.

Saker til handsaming i Regionrådet:

Alle vedtak er samrøystes om ikkje anna er nemnt.

Sak 23/15 Meldingar

Det var slike merknader til meldingane:

- Dagleg leiar la fram ny melding 12: Plan for Vassregion Hordaland 2016-2021 . 2.gongs høyring. Hardangerrådet gjev ikkje felles høyring, men sender høyringsbrevet til kommunane som gjev høyring kvar for seg.
- Ad melding 9: Brevet frå Skyss vert sendt til kommunane.
- Ad melding 10: DBS PILOT . Kommunane er invitert til å delta i denne.

- Ad melding 11:
 - Styreleiar tek kontakt med Odda Kontrollutval og ber om eit års utsetjing grunna skifte av dagleg leiar.
 - Det vert sjekka ut om kontrollutvala i alle kommunane i Hardanger har gjort vedtak om selskapskontroll av Hardangerrådet iks.
 - I samband med finansieringa er det naturleg å bruka Hardangerrådsnøkkelen.

Sak 24/15 Høyring av «Planprogram for regional plan for kompetanse og arbeidskraft.

John Opdal sett fram slikt tilleggsforslag: Hardangerrådet vil presisera at desentralisert vidaregåande utdanning må vera del av planprogrammet. Det er viktig for å oppretthalda tilgang til kompetent lokal arbeidskraft.

Vedtak:

Hardangerrådet iks viser til Hordaland fylkeskommune si Høyring av forslag til planprogram for Regional plan for kompetanse og arbeidskraft og gjev slik uttale:

1. Hardangerrådet iks er samd i dei 3 plantema som er tilrådde. Hardangerrådet iks vil understreka at alle 3 tema er viktige for Hardanger sitt svært varierte arbeidsliv med trong for relevant kompetanse på alle nivå i industri, aquanæring, landbruk og reiseliv. Særleg er fagutdanning og fagskuleutdanning viktig for næringslivet i Hardanger og desse må ha høg fokus i planarbeidet vidare.
2. Hardangerrådet iks vil presisera at desentralisert vidaregåande utdanning må vera del av planprogrammet. Dette er viktig for å oppretthalda tilgang til kompetent lokal arbeidskraft.
3. Hardanger er utan eigen Høgskule og er avhengig av aktiv samhandling med høgskulane og universiteta i Hordaland. Regionen sit verktøy er Stiftinga Høgskuleutdanning i Hardanger. Hardangerrådet ber om at dette distriktfokuset vert kartlagt i analysane og utgreiingane som vert gjort i planen.
4. Hardangerrådet iks er positiv til å delta i styringsgruppa for den vidare planprosessen og gjennomføring av planen.

Sak 25/15 Søknad om underskotsdekning – Bygdagnist

Vedtak:

1. Bygdagnist ved Arne Kristian Glück-Teigland får dekka underskot på 74.000 kr frå prosjektet Hardanger 2014.
2. Midlane vert løyvde frå Avkastninga til Kraftlinemidlane.

Sak 26/15 Søknad om tilskot Yrkes- og Utdanningsmessa 2015 i Tyssedal

Vedtak:

Hardangerrådet iks er positivt til arrangementet Yrkes- og Utdanningsmessa i Hardanger og har støtta tiltaket i fleire år for at det skal innarbeida seg i regionen. Hardangerrådet iks viser til vedtak i 2014 og vil understreka at Hardangerrådet iks ikkje lenger gjev økonomisk bidrag til Yrkes- og utdanningsmessa i Tyssedal.

Sak 27/15 Regionalt Næringsfond Hardanger - avvikling

Vedtak:

Hardangerrådet iks viser til at Hordaland fylkeskommune har avslutta Regionale Næringsfond frå og med 2015.

Regionalt Næringsfond Hardanger vert med bakgrunn i dette avvikla frå og med 2017 slik:

1. Midlane i fondsavsetjinga i RNH vert lyste ut på vanleg måte og gjeve tildeling i 2015.
2. Grunna etterslep ved gjennomføring av tiltak som har fått støtte frå RNH, så vert RNH endeleg avvikla innan 31.12.2017.
3. Midlar som ikkje er nytta til då tilfell Hardangerrådet iks sitt arbeid med næringsutvikling for regionen.

Sak 28/15 Hardangerfondet – Konesjonskraftfond

Vedtak:

1. Hardangerrådet oppnemner ei arbeidsgruppe til å arbeida vidare med spørsmålet, samansett slik: Ordførarane frå Odda, Ulvik og Eidfjord, Jondal, Masfjorden og Modalen. Gruppa konstituerer seg sjølv.
2. Dagleg leiar i HR er førebels sekretær i arbeidsgruppa.
3. Arbeidsgruppa får mandat å førebu framlegg til innspel for framtidig disponering av fylkeskommunal overskots-konesjonskraft.

Sak 29/15 Orienterings og drøftingssaker

- **Orienteringar på Rådsmøta 17.september og 29.oktober 2015**

Vedtak:

*Den 17.september tek Regionrådet imot a) Skyss for presentasjon og drøfting avsett 1 time
b) Bioforsk for presentasjon og drøfting avsett ½ time.

*Den 29.oktober tek Regionrådet imot Alsaker Fjordbruk og Linga Laks til informasjon og drøfting, avsett 1 time til saman

- **Oppsummering av samarbeidet i Hardangerrådet iks innverande periode**

Frå drøftingane:

Utvikling:

- Hardangerrådet er viktig for samkjensler og identitet i regionen og er eit godt og nyttig nettverk mellom kommunane. Det er viktig å kjenna kvarandre og ha kontakt med naboane.
- Utviklinga av Hardanger og styrkjen i regionen er ei av Hardangerrådet sine fortener.
- Viktig at ein har eit organ for å gje felles uttalar på vegne av regionen.
- Uheldig når Hardangerrådet gjer vedtak som impliserer kostnader i kommunane utan forankring.

Kollegiet:

- Uavhengig av partifarge så har ein eitt godt kollegium
- Kollegiet lærer å sjå og ha respekt for dei andre kommunane sine utfordringar og vera støttande i andre sine prosjekt.
- Gode diskusjoner med usemje er nyttig, men det er ein styrke at ein står samla utad.
- Me har denne perioden gjeve for lite tid til å vera sosiale og bli betre kjent med kvarandre.

Framover:

- Ei utfordring er økonomien og finansieringa av Hardangerrådet framover.
- Felles utfordringar må identifiserast og ein må på nytt etablere felles større prosjekt til beste for regionen. Ei eller anna form for tilflyttingsprosjekt bør nye rådsmedlemmer sjå nærmare på.
- Eit tettare samarbeid med Rådmannsforum er ønskjeleg og nødvendig..
- Det er viktig at ordførarar og rådmenn gjev den nye daglege leiaren støtte og innspel til saker.
- Uansett korleis dei framtidige strukturane vert, så er det nødvendig at ein held Hardanger samla som region.

Vedtak:

Regionrådet og Rådmannsforum har fellesmøte den 29.10.2015 for å planleggja samhandlinga i kommunevalgperioden 2015-2019.

- **Kommuneprosjektmøte 22.06.2015.**

Vedtak:

1. Regionrådet godkjenner opplegget for 22.06.2015 i Eidfjord.
2. Hardangerrådet betaler for buffeten frå Aktivitetskontoen stipulert til 60.000 kr.

3. Eidfjord kommune betalar lokalleie og kaffiøkt.
4. Kommunane betalar reise og godgjerdse til sine deltakarar
5. Ordførarane i Hardangerrådet er innstilt på at prosessen vidare vert først Innbyggjarundersøking og at nyvalde kommunestyre gjer vedtak om vidare arbeid.

- **Uttale om Ferjetilbodet Kinsarvik – Utne – Kinsarvik.**

Etter Fylkestingsvedtaket i juni 2015 har Ullensvang herad bede Fylkeskommunen om eit møte. Det er feilinformert om nedgangen i trafikktala i sambandet Kinsarvik-Utne-Kinsarvik. Rådsordførar orienterte om at Fylkesordføraren er positiv til eit møte om saka.

Vedtak:

Hardangerrådet gjev ny uttale i saka og gjev dagleg leiar fullmakt til å utforma ein uttale med bakgrunn i drøftingane i dette møtet.

- **Omlagging av SUA-kontor vedkomande D-nummer for utanlands arbeidskraft.**

Odda og Ullensvang har bede om møte med Politimeistaren i Hordaland. Men det er utsett til etter sommaren. Stortingsrepresentant Terje Breivik har teke dette opp i Stortinget. Konsekvensen er at Staten med dette veltar kostnader over på kommunar og næringsliv med følgjene at det vert dyrare å produsera og leva i distrikta.

Vedtak:

Hardangerrådet iks gjev dagleg leiar fullmakt til å forma ein uttale i samsvar med drøftingane i dette møtet.

KOMMUNESTRUKTUR ELLES:

Asbjørn Tolo: Utgreiinga om kommunestruktur mellom Kvam, Samnanger og Fusa vert ferdigstilt i oktober.

John Opdal: Ordføraren i Etne inviterer Odda, Jondal og Ullensvang til møte i Etne. Ullensvang har takka nei. Odda og Jondal møte for samtale.

Ved møteslutt:

Rådsordførar og styreleiar takka av den avtroppande dagleg leiaren Leiv Vambheim. Han takka for seg og ønskte Hardangerrådet alt godt i framtida ved å sjå bakover og peika framover. (Vedlagt).

Påtroppande dagleg leiar Jostein Eitrheim var presentert og fortalde litt om sine tankar i jobben.

Møteboka godkjent 18.06.2015.

John Opdal
Rådsordførar

Hans Petter Thorbjørnsen
Rådsmedlem

Anved Johan Tveit
Rådsmedlem